

Årsplan

Sundre barnehage

2026-2027

Samandrag

Årsplanen er eit arbeidsverktøy for tilsette i Sundre barnehage og skal dokumentere vala og grunngivingane våre. Årsplanen skal syne korleis vi skal arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og lokale satsingar i pedagogisk praksis.

Godkjent av samarbeidsutvalet,
Sundre barnehage, 09.11.2026

sundre.barnehage@aal.kommune.no

Innhaldsliste

Innleiing 2
Verdigrunnlaget til Sundre barnehage 3
Formål og innhald 4
  Omsorg 5
  Leik 6
  Danning 6
  Læring 7
  Vennskap og fellesskap 7
  Kommunikasjon og språk 8
    Nynorske Lesefrø 9
Arbeidsmåtar og progresjon 9
Vurdering av pedagogisk praksis 14
Medverknad 15
  Barna sin medverknad 16
  Føresette sin medverknad 16
Overgangar 17
  Overgang frå heime til barnehage 17
  Overgang frå ei avdeling til neste 18
  Overgang frå barnehage til skule 18
    Ferdigheiter skulestartarane får øving i før skulestart 19
Ål kommune er trafikksikker kommune 20
Kjelder 21

Innleiing

Årsplanen skal vise og forklare dei vala vi gjer i arbeidet vårt, og er først og fremst ein arbeidsreiskap for dei tilsette i barnehagen. Gjennom årsplanen skal vi synleggjere og dokumentere korleis vi skal gje barna i Sundre barnehage eit barnehagetilbod som er i tråd med føringane i barnehagelova og Rammeplan for barnehagen.

Årsplanen vår skal syne korleis vi arbeider for å omsetje rammeplanen sitt formål og innhald til pedagogisk praksis. Det skal synleggjerast korleis vi arbeider med områda omsorg, leik, danning og læring. Samstundes skal årsplanen dokumentere korleis den pedagogiske praksisen vår bidreg til progresjon for barna innan desse områda.

I årsplanen skal vi vise korleis den pedagogiske praksisen vår tek vare på barna og dei føresette sin rett til medverknad i planlegging og gjennomføring av barnehagetilbodet. Årsplanen skal òg syne korleis vi vurderer og utviklar den pedagogiske praksisen vår.

Årsplanen skal vise korleis Sundre barnehage arbeider med tilvenning for nye barn, overgangar mellom avdelingar og overgangen frå barnehage til skule.

Årsplanen er også eit informasjonsdokument for føresette og eigar, og skal gje innsyn i dei pedagogiske vala vi gjer i barnehagen.

Årsplanen for Sundre barnehage må sjåast i samanheng med Ål kommune sin Felles årsplan for barnehagane i Ål kommune.

Eli H. Smedsplass,

styrar, Sundre barnehage

Verdigrunnlaget til Sundre barnehage

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling.

Rammeplan 2017, s. 7.

Vår pedagogiske praksis byggjer på eit verdigrunnlag som består av visjon, mål, pedagogisk grunnsyn og arbeidsmåtar. Verdigrunnlaget er styrande for arbeidet i barnehagen og ligg som ei ramme kring verksemda.

Verdigrunnlaget for Sundre barnehage består av visjon, mål, pedagogisk grunnsyn og arbeidsmåtar og dannar grunnlaget for vår pedagogiske praksis. Verdigrunnlaget er styrande for arbeidet i barnehagen og ligg som ei ramme kring verksemda. Inni ramma skal barn, tilsette og føresette ha plass til medverknad. Vi har årleg evaluering av verdigrunnlaget, sett opp mot rammeplan, Oppvekst 2030 og satsingsområda i sektoren og regionen.

Visjon skal illustrere kva vi som tilsette i Sundre barnehage skal strekke oss etter og visjonen er ein draum for korleis vi ynskjer at praksisen vår skal sjå ut i kvardagen vår. Visjonen skal være berekraftig i den forstand at visjonen skal ta vare på barna sitt behov i dag, men også i framtida. Visjonen til Sundre barnehage er *«Leik, lær og le – le, lær og leik».* I praksis vil vi som tilsette være saman med og støtte barna i leik og aktivitet, for å bidra til at barna våre trivs og utviklar seg i tråd med overordna føringar.



Bilete lånt frå Pixaby

Mål er definert av oppvekstsektoren i Ål kommune og kjem får styringsdokumentet «Oppvekst 2030» og i Sundre barnehage arbeider mot desse:

I oppvekstsektoren i Ål er Oppvekst 2030 styringsdokument med visjonen er:

Open – Grundig – Modig.

Hovudmålsettinga er:

- *Å skape eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, slik at kvar enkelt får kraft til å meistre eigne liv.*
- *Stimulere ressursane og styrkane hos barn, unge og vaksne, med fokus på meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og læring.*

Oppvekstsektoren skal støtte opp om Ål kommune sitt overordna mål om å vera ein god stad å bu og leva, med eit berekraftig lokalsamfunn. Sektoren bidreg til å oppfylle kommuneplanen 2015-2027 (Ål kommune, 2014) ved å sikre eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø.

Eit pedagogisk grunnsyn er dei ideane og oppfatningane som ligg til grunn for våre pedagogiske handlingar. I Sundre barnehage ser vi kvarandre som like verdifulle og møter kvarandre med varme, interesse og respekt. I møte med barn, føresette og kvarandre arbeidar vi med hovud, hjarte og hender. Vi har fagleg kunnskap, omsorg og tydelegheit, samt vilje og evne til å sette desse ut i praksis. Vi har evne og vilje til fornying i ein positiv undringskultur, der vi skapar samanheng mellom nye og eksisterande moment.

Formål og innhald

I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

Rammeplan 2017, s. 19.

Ein av våre mest grunnleggjande faktorar som menneske, er å oppleve at vi høyrer til og gjennom vår pedagogiske praksis skal vi bidra til at barna opplever å høyre til. Vi skal være saman i leik og aktivitet, slik får vi felles opplevingar og erfaringar. Når barnet får erfare medverknad, undring og refleksjon i samspel med andre, opplever barnet å være ein del av fellesskapet. Når eit barn opplever å høyre til i trygge og god fellesskap, er det eit godt grunnlag for trivsel og utvikling.

I Sundre barnehage skal vi arbeide mot eit universelt utforma læringsmiljøet. I praksis vil det seie at miljøet som barna omgir seg med i kvardagen, skal romme så stor variasjon at alle kan meistre å delta ut i frå eigen modning og utvikling. Vi skal på alle avdelingar ha tilgang på leikematerielle som krev ei viss type ferdigheit, men kan la seg manipulere av det einskilde barn. Samstundes må tilsette være bevisst dei barna som treng å utfordre seg vidare i eigen leikkompetanse.


Omsorg

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre.

Rammeplan 2017, s. 19

I Sundre barnehage arbeidar vi for alle barn skal ha minst tre tilsette som barnet opplever å ha ei nær tilknyting til. Ved at barnet opplever ei god tilknyting gir vi barnet ein beskyttande faktor, som vil styrke dei i eigen utvikling. Når barnet opplever tilsette som nære omsorgspersonar, er vi som tilsette i posisjon til å støtte barnet i kvardagen sine ulike situasjonar. Barn som har nære relasjon til tilsette, vil søke sin omsorgsperson når dei blir utrygge og vil då la seg regulere av den tilsette. Etter kvart som barnet modnast og utviklar seg, ser vi at barnet kan oppleve seg trygt nok til å la seg regulere med eit varmt blikk, ein tommel opp, ei varm hand på skuldra frå tilsette før det fortsett i leiken.

Omsorg kjem til uttrykk gjennom heile dagen, både i leik, måltid, påkledning, stell, kvile og aktivitetar. Gjennom omsorgsfulle relasjonar skal barna oppleve tryggleik, anerkjenning og støtte til å utvikle omsorg for seg sjølve og andre.



Bilete fra Kari Pape si bok «Se hva jeg kan 'a»

Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur.

Rammeplan 2017, s. 20

Det er ulike måtar å forstå barn sin leik på utifrå teori. Gjennom leiken utviklar barnet seg sjølv og utforskar seg sjølv og miljø omkring dei. Leiken er barnet sin viktigaste aktivitet i kvardagen, barna nyttar erfaringar gjort i leik til forstå seg sølv, men dei lærer også å forstå seg sjølv i samhandling med andre gjennom leiken. Samstunds er det viktig at det pedagogiske miljøet i barnehagen tilbyr eit miljø som bidreg til at barnet i sin leik kan vidareutvikle seg frå eit utviklingsnivå til neste. Barna må få erfaringar med å eksperimentere med til dømes nye roller i rolleleiken, ulike materiell i konstruksjonsleiken og erfaringar med korleis eit eventyr kan bli nye historier i uteleiken (Warrer, 2017.).

Barn likar å leike med vaksne, særleg dei vaksne som forstår seg på leik! Tilsette i barnehagen har ein heilt unik posisjon for å kunne bidra til eit rikare miljø omkring barna for leik og læring. Ikkje berre har vi som tilsette høve til å tilføre element som utviklar leiken, men vi er så privilegerte at vi kan hente opp tema frå leiken i går og bygge vidare på den i dag. Store delar av barnehagedagen i Sundre barnehage har plass til barna sin leik, det krev at tilsette oppsøker og deltek i barna sin leik. Slik blir vi kjent med kva som opptek barna i leiken og kva vi kan bygge vidare på frå barna sine interesser og for å vidareutvikle leiken.

Danning

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling.

Rammeplan 2017, s. 22

Danning handlar om korleis barn utviklar forståing av seg sjølv og andre i møte med fellesskapet. I Sundre barnehage skal barna få erfare at dei har verdi, at meiningane deira blir lytta til og at dei har eit ansvar overfor andre. Gjennom leik, samtale, samarbeid og konfliktløysing skal barna få erfaringar som bidreg til respekt, toleranse og demokratiforståing.

Tilsette må ha kunnskap og forståing for korleis dei er viktige rolle modellar for korleis vi viser kvarandre respekt, toleranse og let alle medverke i eit demokrati. Mellom anna i samtale med kollegaer og føresette, og ikkje minst korleis vi vel å la barna sine meiningar bli høyrt. Vi følgjer opp og rettleiar barna med omsorg og tydelegheit, på ein autoritativ veremåte i kvardagssituasjonar. Samstundes legg vi til rette for å øve på å kunne balansere eigne behov opp mot fellesskapet sitt behov.

Læring

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling.

Rammeplan 2017, s. 22

Læring er ein kontinuerleg prosess, dei erfaringane vi gjer oss gjennom dagen, blir registrert og det vi gjer vil påverke oss seinare. Ofte vil vi ikkje sjå at dei erfaringane vi gjer oss i dag endrar åtferda vår straks, men sakte og sikkert vil nok erfaringar bidra til læring (Pape, 2006). Derfor omhandlar store delar av barnehagekvardagen om repeterande erfaringar, slik at barnet får mange nok erfaringar som bidreg i ein prosess til eigen utvikling hjå barnet. Tilsette skal bygge vidare på barna sine interesser og vi må variere mellom leik og planlagde aktivitetar, for å gje barna ulike erfaringar og kunnskap.

Vennskap og fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel.

Rammeplan 2017, s. 22

Frå barna startar i barnehagen, har vi som tilsette fokus på styrkene deira og sett ord på at vi treng å være ulike i eit fellesskap. Sundre barnehage skal arbeide aktivt for at alle barn opplever eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø prega av trivsel, inkludering og tilhøyrsle. Dersom vi får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har det trygt og godt, skal vi undersøkje saka og setje inn eigna tiltak. I Sundre barnehage forstår vi mobbing av barn ut ifrå Ingrid Lund sin definisjon om mobbing:

> *Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning.*

Vi som tilsette må ha merksamt nærvær med barna, slik at vi er tilgjengeleg for å rettleie og stoppe uheldige situasjonar i kvardagen. Likevel er det aller viktigaste vi i som tilsette i Sundre barnehage kan gjere for å hindre at dei uheldige hendingane oppstår, er å arbeide forebyggande. Ved at barn opplever å ha gode og nære relasjonar til tilsette og sine jamaldrande, får barna med seg ein beskyttande faktor. Då må vi som tilsette legge til rette for gode anledningar for relasjonsbygging og vi må verdsetje barna sine vennskap, og vi må ha kunnskap om barna sine relasjonar.

Sosiometrisk kartlegging er ein forskingsbasert metode der vi innhentar informasjon om relasjonar mellom barn og barn og barn og tilsette. Vi gjer kartlegginga haust og tidleg vår, slik at vi får kunnskap om dei sosiale relasjonane i barnegruppa. Informasjonen baserer seg på:

- Barnesamtale mellom eit barn og ein barnehagelærar, som barnet har relasjon til.
- Observasjon av samspel mellom barna, frå alle tilsette på avdelinga.
- Kontaktbarometer frå kvar einskild tilsett, for å sikre at alle barn har nære relasjonar til minimum to tilsette i barnehagen.

Etter kartleggingsfasen blir resultat summert opp og presentert for avdelinga. Då har vi eit datagrunnlag for kvar einskild barn og barnegruppa, så ser vi kva tiltak vi har behov for å sette inn for einskilde barn eller for barnegruppa som heilheit. Evaluering av tiltak skjer kontinuerleg i avdelingsmøte og vi gjer ei ny kartlegging i løpet av dei neste månadane. I særskilte situasjonar vil vi måtte gjere evaluering hyppigare enn fastsett i årshjulet vårt.

Kommunikasjon og språk



Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling.

Rammeplan 2017, s. 23

Vi bidreg til å gje barna eit rikt språkleg miljø, mellom anna ved å bruke språket aktivt i samspel barna, bøker, song rim og regler. I barnehageåret 2026-2027 har vi sett inn ei bok/forteljing, ein song og ei regle som er tilpassa dei ulike aldersgruppene og vi har ei felles elling for heile barnehagen. Målet er at vi saman gjev barna nokre felles referansepunkt frå kvardagen, som dei kan byggje vidare på i leiken. I eit større perspektiv ser vi at barnehagen har eit særskilt ansvar for å sikre at barna har nokre felles referansar frå barndom, som dei tek med seg vidare til skule og som samfunnsdeltakar.

I Sundre barnehage er vi så heldige at vi har mange ulike morsmål og dialektar blant både barn og tilsette. Vi brukar «Betre språk» for å arbeide for at alle barn har eit minimum av omgrep omkring desse tema:

- Kroppen min
- Familien min
- Venner, leiker og følelsar
- Jul
- Klede
- Mat og drikke
- Huset mitt
- Fargar, tal, størrelse og form
- Dyr
- Framkomstmiddel

Kvart tema har sin eige månad der avdelingane undersøker ulike omgrep og gjennomfører ulike aktivitetar innanfor dei ti kategoriane. I dei ulike månadane sender vi heim eit ark med

bilete av ulike omgrep, målet er at vi får nokre av desse attende der føresette har ført inn kva dei ord dei har på dei ulike omgrepa.

I kvardagen skal vi som tilsette «bade» barna våre i ord og utrykk, vi skal setje ord på handlingane våre og dei konkrete omgjevnadene vi møter i kvardagen. Barna skal ha eit pedagogisk læringsmiljø som støttar opp under språkutvikling, til dømes tilgang på visuell støtte for å forstå innhaldet i kvardagen og andre element som variasjon av leiker, materiell og bøker.

Ål kommune er ein nynorskkommune, nynorsken er nært knytt opp til halling og er ein viktig del av kulturelltilhøyrsel. Barna som går i Sundre barnehage kjem til å nytte nynorsk som skriftsspråk på skulen, då er det viktig at vi i barnehagen har eit visuelt læringsmiljø som førebur barnet til å forstå nynorsk. Mellom anna har vi ei overvekt av nynorske bøker for barna, vi syng songar på nynorsk når dei finns på nynorsk og vi nyttar nynorsk på oppslag rundt omkring i barnehagen. Sjølv om nynorsk er skriftspråket vårt, skal vi være stolte av vårt språklege mangfald. At vi har ulik ord for same omgrep, er eit fint utgangspunkt for vidare refleksjon og undring saman med barna våre.

Nynorske Lesefrø

På dei to eldste avdelingane har vi ulike kassar som inneheldt bøker som vi har fått låne frå biblioteket. Kassane inneheldt ulike bøker som biblioteket har plukka ut, som rullerer mellom barnehagane i Ål. Slik får barnehagane tilgang til ny og kvalitetssikra barnelitteratur. Prosjektet Nynorske Lesefrø er først og fremst eit samarbeid mellom biblioteka og barnehagane. Desse bøkene har føresette høve til å låne med heim og avdelinga kan nytte dei til å lese saman med barna. Det er avdelinga som må synleggjere bøkene for føresette og sjå til at det blir notert ned kven som låner heim ei bok at bøkene kjem attende, før bokkassa skal til biblioteket.

Arbeidsmåtar og progresjon

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Rammeplan 2017, s. 37.


Personalet i Sundre barnehage skal variere sine arbeidsmåtar for at barna skal få ein variasjon mellom det planlagde og barna sine sjølvvalde aktivitetar. I arbeidsmåtane våre skal det være plass til at barn, tilsette og føresette skal kunne medverke, ut frå eige forutsetningar. Vi må ha ein struktur der det er lagt til rette for refleksjon omkring kva som skal være planlagt og kva som skal være sett av til å la barna medverke og påverke sin kvardag. Vi som tilsette må til ei kvar tid reflekter over ulike arbeidsmåtane gjennom dagen,

slik at vi kan tilpasse oss til ulike situasjonar og etter behovet hjå enkeltbarn og barnegruppa.

Vi som tilsette i Sundre barnehage må ha fagleg kunnskap om ulike arbeidsmåtar, samstundes som vi har evne og vilje til å overføre kunnskapen til praksis.

Barnehagedidaktikken byggjer på ein tanke om at læring ikkje berre skjer i formelle og planlagde situasjonar, derfor er barnehagedidaktikken vidare i sine bruksområde, enn didaktikken for grunnskulen. Barnehagedidaktikken tek for seg heile barnehagedagen, alt i frå kvardagssituasjonar og rutinesituasjonar til leik og sosialt samspel. Barnehagedidaktikken har som mål å bidra til ei allsidig utvikling av heile barnet si personlegdom (Gunnestad, 2019). Personalet skal vise interesse og engasjement for det oppsette og det spontane. Ved at vi er aktivt deltakande gjennom dagen, vil vi ha ei forutsetning for å ha kjennskap til barna sine interesser og styrker.

Gjennom heile barnehagekvardagen skal vi tilby eit planlagt innhald, for at vi skal lukkast med eit innhald som er i tråd med overordna føringar må vi vurdere innhaldet vi har planlagt. I Sundre barnehage har vi valt å nytte «Den didaktiske relasjonsmodellen» som er vidareutvikla etter Bjarne Bjørndal og Sigmund Lieberg, første gong nemnt i boka «Nye veg i didaktikken», 1978. Ein opplæringssituasjon inneber mange val. Dei bør vere baserte på ei mest mogeleg heilskapleg forståing av den situasjonen vi planlegg for. Den didaktiske relasjonsmodellen er eit hjelpemiddel for å få overblikk over kva faktorar vi bør ta omsyn til, og sjå samanhengen mellom dei forholda som i større eller mindre grad påverkar situasjonen.



Mål = retning for prosessen Målet/måla kan ein hente ut frå ulike læreplanar, eller ulike utviklingsplanar. Mål kan vi dele i kunnskapsmål, ferdigheitsmål, haldingsmål. I definisjonen av kompetanse inngår alle tre.

Deltakarføresetnadar = kompetanse, interesser, ressursar, behov, erfaringar, kulturbakgrunn/-forskjellar og forventningar

Innhald = (for eksempel læremiddel, ekskursjonar…)

Arbeidsmetode =

Prosess, metode
Ulike arbeidsmåtar hjelper til å fremme at ein når måla sine. Læring er ein individuell prosess og skjer best ved refleksjon, utprøving og aktivitet

Personleg veremåte
Det er viktig å vere bevisst korleis du framstår. Det vil setje deg betre i stand til å analysere relasjonen til deltakarane.

Rammefaktorar =

Indre rammer
Lærarkompetanse, kva klima ønskjer du å byggje opp?
Ytre rammer
Tid, rom, gruppestorleik, økonomiske avgrensingar og så vidare.

Evaluering = Resultatet eller prosessen blir vurdert i lys av dei måla som er sett og ein gir attendemelding på dette. Formålet er å motivere for framhald av arbeidet gjennom forbetringar av prosessen eller resultatet. Evalueringa kan også fungere som rettleiing på individuelt nivå, og danne grunnlag for å tilpasse opplæringa behovet til den enkelte deltakaren.

Livet i barnehage kan vi dele i ulike periodar og fasar. Som oftast deler vi året opp i periodar, til dømes haust, vinter, vår og sommar i barnehagen. I dei ulike periodane har vi fastsette tradisjonar som barna får erfare i ulike fasar av livet i barnehagen. Fasane i barnehage ser vi som ein del av barnet si naturlege utvikling og modning.

Progresjon inneber at barna får nye erfaringar, utfordringar og moglegheiter for utvikling i takt med alder, modning og føresetnader. Gjennom progresjon skal barna oppleve meistring og utvikling gjennom heile barnehageløpet. For at barnet skal få oppleve progresjon i dei ulike fasane av barnehageperioden, har vi i Sundre barnehage aldersinndelte avdelingar, som tilbyr eit pedagogisk leikemiljø tilpassa barnet si modning og utvikling.

- Skålen og Kammerset er for barn i alderen 0-2 år ca.
- Lue og Kleven er for barn i alderen 2-4 år ca.
- Bråtet og Stugu er for barn i alderen 4-6 år ca.

På ei avdeling vil det varier om det er ei, to eller tre aldersnivå, alt etter storleik på barnekullet. På bakgrunn av at vi ynskjer å tilpasse pedagogiske aktivitetar i endå større

grad etter modning og utvikling deler vi i alderslike grupper gjennom månadane. Vi har fem alderslike grupper barnet er ein del av, gjennom åra i barnehagen.

- Marihøna, er for barn født i 2025 og eventuelt 2026
- Hoppetussa, er for barn født 2024.
- Tusenbeinet, er for barn født i 2023.
- Friskussen, er for barn født i 2022.
- Tannlausen, er for barn født i 2021.

Dei ulike aldersgruppene har eigne progresjonsplanar med mål og planlagde aktivitetar gjennom året, for å nå måla i planen for aldersgruppa. Slik sikrar vi at barna gjennom barnehagelivet får erfaringar som bidreg til at barna oppnår mål som er uttalt i Rammeplan for barnehage.

Rammeplanen sine sju fagområde er integrerte i det daglege arbeidet i Sundre barnehage. Fagområda kjem til uttrykk gjennom leik, kvardagssituasjonar, prosjekt, turar og planlagde aktivitetar, og må sjåast i samanheng med arbeidet med omsorg, leik, danning og læring. Vidare vil dei ulike didaktiske planane for ulike aktivitetar synleggjere korleis tilsette arbeidar for å nå oppsette mål innanfor dei ulike fagområda i rammeplanen.

Til dei vaksne som er saman med meg

Ikkje skund på meg
for eg er ikkje så stor som du.
Føtene mine er kortare,
og tankane mine treng meir tid.

Ver tolmodig med meg
når eg skal lære noko nytt.
Eg gjer feil,
men det er slik eg lærer.

Sjå på meg
når eg snakkar til deg.
Då veit eg at du høyrer etter,
og at det eg seier er viktig.

Hald rundt meg
både når eg er glad og når eg er lei meg.
Klemmane dine gjer meg trygg,
og fyller meg med mot.

Lat meg prøve sjølv
sjølv om det tek lengre tid.
Når eg klarer det, blir eg stolt,
og veks litt på innsida.

Hugs at eg tek etter deg.
Det du gjer, gjer ofte eg òg.
Ver det førebiletet
som eg treng for å bli trygg.

Fritt etter Anne Lise Gjerdrum

Vurdering av pedagogisk praksis

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Rammeplanen 2017, s. 38.

Gjennom eit barnehageår gjer vi ulike vurderingar i personalgruppa for å kontinuerleg vurdere arbeidet vårt. Vi nyttar observasjonar, refleksjonar i personalgruppa, praksisforteljingar, dokumentasjon av aktivitetar og samtalar med barn og føresette som grunnlag for vurdering og vidare utvikling av praksis.

Vi gjennomfører evaluering av korleis kvar aktivitet har bidratt til at barna når oppsette mål, slik at vi kan gjere justeringar for neste gjennomføring av aktiviteten.

Til dømes må tilsette undervegs i ein oppsett aktivitet observere og vurdere kva kvart einskild barn treng som støtte for å nå målet for aktiviteten. Er det mange barn som har behov for støtte i aktiviteten, sjølv om det er forventa ferdigheiter for alder og modning, kan det fortelje oss at vi må tilby hyppigare aktivitet som bidreg til at dei meistrar forventa ferdigheiter.

Kvar månad evaluerer vi korleis månaden har bidrege til at vi arbeidar i tråd med overordna føringar og kva vi må endre til neste år.

For tilsette er også medarbeidarundersøkinga eit viktig verktøy, fordi det gjer oss verdifull informasjon omkring korleis dei tilsette opplever autonomi i kvardagen sin.

Medverknad

Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Rammeplan 2017, s. 29.

For barnehageåret 2026-2027 har vi sett opp desse formelle og planlagde treffpunkta med føresette:

11. august, 2026	Møte for nye føresette i Sundre barnehage
22. august, 2026	Møte for føresette til Tannlausen
22. august, 2026	Møte for alle føresette i Sundre barnehage
september, 2026	Samtale om oppstart for nye barn, med pedagogisk leiar på avdeling
november, 2026	Foreldresamtalar, med pedagogisk leiar på avdeling
20. november, 2026	Venne Tutti-Frutti
1. desember, 2026	Julegrantenning
januar, 2027	Foreldreundersøking
april, 2027	Foreldresamtalar med pedagogisk leiar på avdeling
8. april, 2027	Møte for alle føresette i Sundre barnehage
23. april, 2027	Vennelunsj, med bokkafê
9. juni, 2027	Sommarfest og avslutningsseremoni for Tannlausen

Samtale med føresette har vi fastsett til to til tre gonger i året. Då sett vi av ei omkring ein halvtime, der tema i samtala er barnet si trivsel og utvikling og samarbeidet mellom heim og barnehage. I slutten av samtala sett vi opp mål, som vi saman skal arbeide i retning av og vi evaluerer dei i neste samtale. Sjølv om vi har sett opp desse faste treffpunkta skal pedagogisk leiar ha låg terskel for å invitere føresette inn til ei samtale, dersom føresette eller tilsette har undringar knytt til barnet si utvikling.

Barna sin medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den dag lege verksemda i barnehagen , jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1.

Rammeplan 2017, s. 27.

Kva er barns medverknad og korleis legger vi til rette for og oppmodar barna i Sundre barnehage til å utrykke seg i kvardagen? Barns medverknad er forstått som barna si rett til å bli høyrt, uttale seg og komme med innspel i forkant av ei avgjersle blir tatt. Barn i barnehagealder har ikkje utvikla ferdigheita til å seie frå om at det har behov for å bli høyrt, då er det vi som tilsette som må være merksame, slik at vi kan meistre å fange opp barnet sitt behov for å bli sett og høyrt. Vi som tilsette må ha kunnskap om kvar einskilde barn si modning og utvikling, slik at vi ikkje gir barna eit ansvar dei ikkje har føresetnaden for å handtere.

Gjennom barnehagekvardagen er det heile dagen slike vurderingar, det krev at tilsette observere barna sine interesser og tilbyr ulike aktivitetar som spelar vidare på barna sine interesser. Til dømes kan ein tilsette ha observert at fleire barn barnegruppa har ei begynnande interesse for insekt, då er det viktig at tilsette er merksame og tilpassar innhaldet i det pedagogiske arbeidet på avdelinga vidare. Til dømes kan tilsette finne fram bøker, songar, regler om tema. Tilsette har med ulike verktøy ut på tur for å komme nærmare på insekt, til dømes lupe eller kanskje kan vi sette opp eit terrariet for å sjå korleis mauren byggjer tunnelar?

For å ta vare på at det er plass til barna sin medverknad i Sundre barnehage vil det være ein variasjon av planlagde aktivitetar gjennom året, men vi har også periodar der det ikkje er oppsett tema, på bakgrunn av at tilsette skal spele vidare på barna sine interesser. Samstundes skal tilsette i fastsette tema vurdere korleis aktiviteten engasjerte barnet og bidrog til at barnet kunne nå målet for aktiviteten.

Føresette sin medverknad

Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova §§ 1 og 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Rammeplan 2017, s. 29.

Føresette i Sundre barnehage har høve til å medverknad gjennom:

- å nytte den daglege kontakten med personalet
- å ta kontakt og be om samtale med personalet ved behov
- å stille til val i FAU og SU

- å bruke foreldrerepresentantane til å fremje saker i utvala
- møter for føresette, her kan føresette komme med idear til og evaluering av tilbodet, diskusjonar om aktuelle tema.
- brukarundersøkingar som barnehagen sender ut annakvart år og opprettar ein handlingsplan utifrå.
- formelle oppsette foreldresamtalar, som omhandlar avtalar om oppfølging av utvikling for eige barn og evaluering fokusområde.

Overgangar

Overgang frå heime til barnehage

Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørgje for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.

Rammeplan 2017, s. 33.

Å starte i barnehage er ein overgang for både barn og føresette. Kvar av oss er fødd med vår eigen personlegdom og derfor er det heller ingen oppskrift for tilvenning, som passar for alle. For å sjå kva barnet har behov for, må vi først få treffe dei. Så første tida i barnehagen observer tilsette barnet, gjer seg kjent barnet og kva som er barnet sitt behov. Saman med føresette blir vi einige om korleis vi gjer tilvenninga vidare og fokuset er alltid barnet sitt beste. Ved at små barn får ein trygg og god tilknyting, opplever dei tryggleik og blir betre rusta til oppleve ei tilhøyrsel i fellesskapet.

Tilvenninga skal leggje grunnlaget for at barnet opplever tryggleik, tilhøyrsle og trivsel i barnehagen. Personalet skal arbeide systematisk med å byggje gode relasjonar mellom barnet, føresette og tilsette, og leggje til rette for at barnet gradvis blir kjent med barnehagen, rutinane, dei andre barna og dei vaksne.

Mellom anna skal tilvenninga omfatte:

- Tett samarbeid og open dialog med føresette før, under og etter tilvenningsperioden.
- Tilsette skal være varme og tilgjengelege, som møter barnet med omsorg, anerkjenning og sensitivitet.
- Vi skal ha gradvis tilvenning til dagsrytme, rutine og overgangar.
- Det skal være leik, utforsking og aktivitetar tilpassa barnet sine interesser og behov.
- Tilsette skal støtte barnet i å etablere relasjonar og deltaking i leik og fellesskap.
- Vi skal ha føreseielege rammer gjennom faste rutinar og gjenkjennelege vaksne.
- Tilsette nyttar observasjon og refleksjon for å tilpasse tilvenninga til det enkelte barnet
- Saman med føresette evaluerer vi tilvenningsperioden.

Innhaldet i tilvenninga skal tilpassast barnet sin alder, utvikling og individuelle føresetnader, slik at alle barn får ein god start og opplever meistring, tryggleik og glede i Sundre barnehage.

Overgang frå ei avdeling til neste

Personalet skal sørgje for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.

Rammeplan 2017, s. 33.

For at vi skal kunne gje barna ein kvardag der dei møter alderstilpassa læringsmiljø, vil barnet oppleve overgang frå ei avdeling til ei annan i Sundre barnehage. For at dei overgangane skal bli mest mogleg føreseieleg for barnet, føresette og tilsette følgjer barnet overgang frå småbarn til mellombarn til storbarn. Vi arbeidar for at tilsette i størst grad arbeidar ved ei avdeling, slik vil dei tilsette gjennom barnehageåret kunne arbeide med relasjon til barn på andre avdelingar og dermed er det på plass ein relasjon før barnet byter avdeling. Gjennom året har vi ope mellom avdelingane om morgonen og barna er ofte saman på ettermiddagen, her legg vi til rette for at barna kan søke nye utfordringar, samstundes som det gjer seg kjent med ulike tilsette og barn på tvers.

Likevel er det i perioden mai – august eit ekstra fokus på overgang for barn som skal bytte avdeling. Utover sommaren skal barna få gå på leikebesøk til avdelinga dei skal starte på. Då skal tilsette som er på avdelinga barnet er del av i dag, bli med på besøk til neste aldersavdeling. Tilsette skal då legge opp til eit besøk der barn og tilsette som skal være saman neste barnehageår kan få bli kjent med kvarandre. Tilsette førebur også barna gjennom ulike samtalar i kvardagen, slik at barnet gradvis får venje seg til tanken om at frå midten av august høyrer dei til ei ny avdeling.

I løpet av sommarmånadane har pedagogisk leiar ved dei ulike avdelingane overføringssamtalar, her formidlar dei informasjon omkring fokusområde for siste samtale med føresette og kva som er viktig for kvart einskilde born.

Føresette får i løpet av juni informasjon om oppsett for barnegrupper og tilsette for kommande barnehageår, slik at dei saman med tilsette også kan førebu barnet for overgangen i midten av august.

Overgang frå barnehage til skule

Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barne hagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne evner.

Rammeplan 2017, s. 33.

Siste året i barnehage er eit spesielt år for både barn og føresette, vi skal legge til rette for at barnet får ein god og trygg overgang til skule. Gjennom det siste året i barnehagen skal vi gje barna aktivitetar som bidreg til å byggje eit godt fellesskap med sine jamaldrande, meistre sosiale ferdigheiter og ulike praktiske ferdigheiter. Aktivitetatane vi tilbyr dette året skal bidra til at barnet gler seg til å byrje på skulen og at det er ein samanheng frå barnehage til skule.

Det siste året barnehagen følgjer vi «Overgangsplan for oppvekstsektoren i Ål kommune». Målet med overgangsplanen i Ål kommune er å sikre:

- Gode rutinar, lik praksis og systematisk samarbeid mellom einingane.
- Ein meiningsfull samanheng i læringsløpet.
- Tidleg innsats for barn med særskilte behov.
- Ein trygg skulestart for barn som byrjar i 1.klasse og for dei føresette.
- Trygg start i alle overgangar – for alle.

I samanheng med overgangsplanen har vi ulike treffpunkt med Nedre Ål skule og dei andre barnehagane som soknar til Nedre Ål skule. Målet med treffa er at dei skal oppleve å være ein del av eit større fellesskap, at dei skal kjenne til dei andre barna og at dei har fått besøke skulen dei skal starte på.

I barnehagen har vi alderslikegrupper gjennom månaden, der dei barna som er født i same år møtast til ulike aktivitetar. Vi har ein eigen plan for kva aktivitetar Tannlausen skal gjennomføre for året. Planen legg opp til aktivitetar som bidreg til barna får øve på ferdigheiter som er forventa ferdigheiter for skulestartarane i Ål kommune.

Ferdigheiter skulestartarane får øving i før skulestart

- Trivsel og tryggleik
    - Ha eit fokus på å byggje eit fellesskap i gruppa.
- Sosiale ferdigheiter
    - Korleis te seg i ei gruppe
        - Å vere ein god ven
        - Vise omsorg for andre
        - Lytte til andre
        - Invitere til leik og delta i andre sin leik
        - Vente på tur
        - Dele med andre
        - Lytte til beskjed frå vaksne og utføre den
    - Vere ein del av fellesskapet
        - Kunne regulere seg sjølv i høve andre
        - Tør å ta ordet i gruppe og seie ifrå
        - Stå for eigne meiningar
        - Vise glede og humor
        - Takle nederlag
- Praktiske ferdigheiter
    - Ha eit godt blyantgrep
    - Skrive namnet sitt
    - Klyppe
    - Vere sjølvstendig
        - Opne og lukke sekk, matboks, drikkeflaske
        - Kle på og av seg sjølv (glidelås, vottar/hanskar, dra over skoa)
        - Gå på do aleine, tørke seg sjølv, vaske hender

Ål kommune er trafikksikker kommune

Ål kommune er «trafikksikker kommune» frå 15.09.2015, og Sundre barnehage er ein trafikksikker barnehage.

For å hjelpe oss i arbeidet med trafikk opplæring brukar vi Trygg Trafikk sitt pedagogiske verktøy «Tarkus». Handdokka «Tarkus» er eit beltedyr. Han har ni belter på ryggen, men når han køyrer bil har han ti. Då kallar han seg bilbeltedyr. Nysgjerrig, undrande og tolmodig er han ein naturleg deltakar i samlingsstundene og turar, når trafikkopplæring står på dagsorden.



Barn i barnehagealder er ikkje modne nok til å kan ta ansvar for seg sjølv i trafikken. Det viktigaste for utvikling av gode haldningar til sikkerheit, er dei vaksne rollemodellane rundt barna. Dei vaksne som er saman med barna i trafikken, må vere bevisste og nytte høvet når det er naturleg til å informere og reflektere saman med barna om trafikkrisiko, samarbeid i trafikken og andre sine perspektiv.

Kjelder

Drugli, M. B., Lekhal, R., Buøen, E. S. (2020). *Tilvenning og foreldresamarbeid: de yngste i barnehagen* (1. utg.). Cappelen Damm Akademiske.

Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver. (2017). Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (rammeplanen) fastset utfyllande føresegner om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. (FOR-2021-03-19-801). Lovdata. https://lovdata.no/forskrift/2017-04-24-487

Gjertviksten, V. T. & Gärtner, A. M. L. (2019). *Du er viktig for - barnet i barnehagen* (1. utg.). Pedagogisk forum 2019.

Gunnestad, A. (2019). *Didaktikk for barnehagelærere. En innføring* (2. utg.). Universitetsforlaget.

Oppvekst 2030. (2024). *Open – Grundig – Modig OPPVEKST 2030 Ål kommune.* https://www.aal.kommune.no/siteassets/dokumenter/oppvekst/25112024-rapport-oppvekst-2030-final-jf-kommunestyre-vedtak.pdf

«Overgangsplan for oppvekstsektoren i Ål kommune». *Overgang barnehage – barneskule, Ål kommune.*

Pape, K. (2006). KSe hva jeg kan 'a! Barnehagen som læringsarena. (2. utg.). Kommuneforlaget.

Warrer, S. D. & Broström, S. (2018). Dette vet vi om: Barnehagen: Barns lek og eksperimenterende virksomhet Oslo: Gyldendal Akademisk.